Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7.

Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Lindås

Emne: Skav.

Bygdelag:

Oppskr. av: Anders Spjeldnes.

Gard: Spjeldnes.

(adresse): Lindås

G.nr. Br.~~nr.~~ heilbølt gard.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Eg hev ikkje høyrt gjete at fehandlara hev Kvitta meir fyrte, som hadde fengje skav um vetteren, enn fyrr dei som ikkje hev fengje. I alle høve måtte eg kjenna til ditta um so var, då me her på garden fora mykje med skav og likeins på grasmegardane. At kjøtet på feet vart svart på disse dyri som fekk skav hev eg korkje sett eller høyrt umtala heller. Som slakt gjekk kjøtet av slike dyr like godt unna som av dyr utan skav i foret.

2.

3. Heller ikkje hev me røynt, eller høyrt gjete, at mjølk av disse kjyrne som fekk skav var var fårleg korkje fyrr kalver eller grisungar.

4. Noko fast mål på kor mykje skav ein gav fyrr året er vanskeleg. Vanlegvis vart det ikkje skave fyrr jol, då dei då var meir etter lyng. Det var i rûskaver, og altid i kvellsita, ein skav, og med ditta arbeide sat ein i ei krå i stova. Til 6 kjyr måtte me helst ha frå ei halv til ei heil tunne=kjipa til å dela på morgo og kvellsmåle komande dag.

5. Var det stamen av eit tre som skulle skavast

9944

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

brúka ein bandakniv til å skava med som jamnast. Øvste fig. brúktes til å skava av stokkar med, og den var kalla borke-skaven, men bandekniven vart helst brúkt til stokkeskaving. Den minste skaven var berre brúkt til å hola út ausor med o.l. og var alder brúkt til å skava med. Når me skar av kvister eller greiner brúka me stundom tällekniv og stundom ein ljå som me stødde mot ein staur som rakk frå golvet úpp til bøtan. Denn stauren vart berre til ditta brúk.










NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9944

Framhald: Skav.

Skavhella, som De spør um. Nei, eg veit heller ikkje kva ditta er, hev aldri høyrt ditta ordet fyrr. Men noko med stein hev det vel ikkje å gjera. Eg hugsar, eg såg ein innretning hjå bonden Odd Kløve i Raundalen på Vass, som eg no tykkjes skyna må ha vore ei sovori "skav-hedla" som her er spurt um. Eg spurte kva den tingen var bruka til, og eg fekk vita, at det var til å setja stakkar fast i når ein ville avbarka dei. Men eg spurde ikkje kva dinna greida kallas. Men so praktisk og dertil so enkel! Ja, ditta namne er ihopsett, kor um alt er, av skav og hedla, altso: det som held skav-stakken på plass medan ein skjev han. Vil De ha meir greida på ditta, kan De skiva til David Oddson Kløve, ~~Øvre-st.~~ Kløve.

NB: dinna greida var montert på veggen inne i ei svål på garden.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9944